



---

**Til:** Bjørg Larsen

---

**Frå:** Ingeborg Borgen Takle

---

**Referanse**  
2014/558-3

**Dato**  
09.01.2014

## Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne angående sak 95/13 i Kultur og ressursutvalet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vart bedt om å kome med ein uttale til Kultur- og ressursutvalet angående sak 95/13 om Cornerteateret. På bakgrunn av dette har rådet vert på ei synfaring på Cornerteateret den 10. januar 2014. Vi vart møtt av ein representant frå Marineholmen Utvikling AS, Linda Børnes og Christer Hjelmeland som gav oss ein omvising i alle etasjane i bygget.

Rådet har vore litt usikker på kva som var grunnlaget for søknaden, om det var berre publikumsområdet, berre 1. etasje eller heile bygget. Vi har derfor vald å fokusere på 1. etasje, men vi har og vald å kome med nokre innspel angående 2. og 3. etasje. Heilheitsinntrykket av Cornerteateret er at det er eit veldig fint bygg som gjer noko særskilt til nabolaget. Rådet meiner at både byggherre og leigetakarane tilfører nabolaget ein positiv dimensjon.

Ein generell oppfatning er at ein samanliknar tiltak for universell utforming som tiltak for rørslehemma. Rådet er oppteken av at universell utforming ikkje berre gjer livet lettare for grupper som synshemma, hørslehemma, allergikarar og rørslehemma, men og befolkninga som heilheit. Ein anna utmaning er at universell utforming ofte vert teken omsyn til i samband med publikum-område, men ikkje like mykje med tanke på deltaking i aktivitetar. Dette ser ein igjen på Cornerteateret.

Når det gjeld publikumsdelen av Cornerteateret verkar den på mange måtar universelt utforma, men rådet har nokre innspel som ein meiner ikkje er nok ivareteken. Vi ser at mange av utmaningane i publikumsdelen gjeld særskilt synshemma og hørselshemma. Rådet saknar kontrastar generelt, og særskilt rundt toalettområdet. I same tankegang ville det vore naturleg at det var ledelinjer til dei viktigaste områda, slik som til skranken/baren, toalett og til storsalen. Ein saknar tydelegare skilting i heile etasjen, og anbefalar at denne skiltinga vert taktill i tillegg. Det vil vere naturleg å ha ein skrankeslyngje i inngangspartiet, vidare bør det vere teleslyngje i begge salane slik at hørselshemma kan ta del i kulturopplevinga. Når det gjeld hovudsalen skjønner rådet at det ikkje er stor bruk av kontrastar da dette skal vere ein blackbox, men markeringa på trappane burde vore betre, og ein bør vurdere ein betre kontrastfarge. I Scene 2, den lille blackbox-scena i 1. etasje, er det ei stål-søyle som burde vore betre markert med kontrast, samt polstra. Nokre av rømmingsvegane i 1. etasje har så pass høg terskel at dei ikkje er hensiktsmessig for rullestolbrukare. For menneske med nedsett rørsle som skal delta i ei teateroppvising vil dei ikkje ha tilgang til garderoben da denne ligg i 2. etasje.

Rådet som ein heilheit kunne ikkje synfare 2. og 3. etasje grunna mangel på heis, slik at nestleiar som brukar rullestol ikkje hadde tilgang. I 2. etasje er det øvingsrom for teaterskulen for barn og unge, samt

garderobar. Her såg ein ei utmaning med høge tersklar ved inngang til garderoben, samt til dusjane. Rådet meiner det er ekstra viktig å oppfylle universell utforming med tanke på at det er fokus på barn og unge i bygningen.

I 3. etasje er det kontorplassar. Her vil det per i dag ikkje vere tilgang til kontorplassane for rørslehemma, i tillegg til at det ikkje vil vere mogleg for publikum som er rørslehemma som ønskjer tilgang til kontorpersonell å møte dei på kontoret. Dette ser rådet som problematisk. Det er ei moglegheit til å ha eit kontor i 1. etasje dersom ei rørslehemma vert tilsett, men da får vedkommande ikkje vere ein del av fellesskapet. For å sikre tilgang både for personell, publikum og deltakarar på teaterskulen med rørslehemming til 2. og 3. etasje bør ein trappeheis monterast.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne anbefaler at Cornerteateret må leggje fram ein plan for gjennomføring av nemnte utbetringstiltak før midlar vert utbetalt.

Med helsing

Harald Norheim  
Nestleiar  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne